


# LUNDE BARNEHAGE



Glade voksne- Glade barn

ÅRSPLAN

2022/2023

Godkjent i SU:

01.09.2022



## PRAKTISK INFORMASJON

### KONTAKT:

Lunde barnehage

Lundavegen 159

5690 Lundegrend

Styrar: Monica Løvaas, 95783480.

Monica.lovaas@tysnesoppvekst.no

Vestavind:47515232

Nordavind: 90405017

Sønnavind: 97497474

### OPNINGSTID:

Me opnar **06.30** og stengjer **16.30**

NETTPORTAL: [www.barnehage.visma.no](http://www.barnehage.visma.no) Når du begynner i barnehagen vil mamma og pappa få påloggingsinformasjon til Visma.

### KJERNETID

Me har ei kjernetid mellom kl. 09.00 og 14.00. Turar og aktivitetar i barnehagen går føre seg i denne tida. Dersom barnet kjem seinare enn 09.15 eller blir henta før 14.00 ønsker me få beskjed om dette.

Viss de kjem i kjernetida er det fint om det roleg følg barnet inn i aktiviteten enten det er matsituasjon, leik eller samlingsstund, eller følgje barnet der me er på tur.



## INNHALD:

- Velkommen til Lunde barnehage
- Visjonen
- Formelle krav
  - Barnehagelova
  - Formål
  - Barnehagens innhald
  - Pedagogisk årshjul
  - Årshjul
  - Rammeplanen
    - Overordna tema: Kommunikasjon, språk og tekst
    - Danning
    - Læring
    - Omsorg
    - Leik
    - Vennskap og fellesskap
    - Verdier
    - Barns medverknad
- Satsingsområder
  - Strategiplanen til Tysnes kommune, oppvekst. "Saman om framtida!"
  - Livsmestring og helse og trygghetssirkelen
- Informasjon:
  - Oppstart
  - Kosthald
  - Uteliv
  - Stine Sofies barnehagepakke
  - Foreldresamarbeid
  - Planlegging, dokumentasjon og vurdering
  - Overgong frå barnehage til skule
- Tradisjonelle aktivitetar:
  - Førskulegruppa
  - Høgtider
  - Merkedagar



## VELKOMMEN TIL LUNDE BARNEHAGE

Lunde barnehage- midt i Lunde "sentrum"

Me har etterkvart etablert ein stor barnehage i Lunde. Barnehageåret 2022/2023 har me 52 plassar til barn mellom 1 og 6 år. I talet er det 39 barn og 9 vaksne, pluss styrar og to lærlingar i barne og ungdomsarbeidarlaget. Barna er fordelt på tre avdelingar, Sønnvind 1-2 år , Nordvind 2-4 år og Vestvind 4-6 år.

Arbeidet vårt er forankra i Barnehagelova og Rammeplan for barnehage, med fokus på dei sju fagområda. I tillegg til dette har Tysnesbarnehagane felles planar for bl.a. språkutvikling, sosial kompetanse og fysisk aktivitet.

Me har også felles visjon: Glade vaksne- glade barn. I denne visjonen ligg det ein del underpunkt som skal sikre barna gode opplevingar i kvardagen, både i møte med barnehagen og i aktivitetane.

Me jobbar kontinuerlig for at alle barn skal oppleve eit trygt og inkluderande læringsmiljø fritt for mobbing, der dei blir møtt av kompetente ansatte som har fokus på kvart enkelt barns utvikling, og gir gode språklege og sosiale ferdigheter. Barndommen er ein viktig fase i livet, og gjennom tiden i barnehagen blir de godt forberedt til å mestre fortsettelsen.

I Lunde barnehage veit me at barn er avhengig av god og trygg tilknytning til dei vaksne i barnehagen. Personalet i barnehagen er i tillegg til foreldrene viktige omsorgspersonar for det enkelte barnet. Trygge relasjonar visar seg å ha stor innverknig på barnas psykiske helse og legger grunnlaget for vidare emosjonell, sosial og kognitiv utvikling. For at dei vaksne i barnehagen skal kunne etablere trygg tilknytning til barna er dei avhengig av å kunne forstå barnet innenfra (Brantzæg, Torsteinson, Øiestad, 2015) Med vårt arbeid i barnehagen ønsker me å hjelpe og støtte barna i deres utvikling mot å bli trygge, glade og selvstendige barn med tru på seg sjølv.



## PERSONALET SOM ER I BARNEHAGEN 2022/2023

### VESTAVIND

Sara E Stue, pedagogisk leiar	100%
Vegar Anthonessen, Barnehagelærer	100%
Eli Sandvik, fagarbeidar	80%
Alice Tye, fagarbeidar	20%
Anette Christensen, lærling	100%

### NORDAVIND:

Liv Bodil Tuffa, pedagogisk leiar	100%
Gudrun Rossebø, fagarbeidar	100%
Marita Fagerbakk, lærling	100%

### SØNNAVIND:

Marthe J. Seljeseth , pedagogisk leiar	100%
Ingvill Christensen, fagarbeidar	100%
Hilde Hagen, assistent	100%
Crisalina Nødland, assistent	100%

### STYRAR

Monica Løvaas



## VISJON



### DEI VAKSNE:

- Er gode rollemodellar
- Smiler og er imøtekommande
- Viser omsut
- Gjer kvarandre gode

### TEK ANSVAR

- Snakkar til- og ikkje om kvarandre
- Viser respekt
- Skapar tillit
- Yter vårt beste i jobben vår
- Nyttar den fantastiske naturen vår!
- Ler, tuller og har det kjekt i lag

### BARNEHAGEBARNA:

- Har gode sosiale ferdigheter
- Har gode naturopplevingar
- Har gode venner
- Er klare for skulestart
- Har gode minner frå barnehagen
- Er trygge og glade

## FORMELLE KRAV

- **Barnehagelova** legg føringar for korleis me skal ha det i Lunde barnehage.

Lova kan de sjå på internett, føl link under.

[https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64#KAPITTEL\\_1](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64#KAPITTEL_1)


- **Rammeplanen**, i likhet med lova har også tydelige føringar for arbeidet vårt, og korleis barna skal ha det i barnehagen.

<https://www.udir.no/globalassets/filer/barnehage/rammeplan/rammeplan-for-barnehagen-bokmal2017.pdf>

Ut i får Barnehagelova og Rammeplanen for barnehagen fortel me korleis me i Lunde barnehage grip dette.



## Pedagogisk årshjul





ÅRSHJUL LUNDE BARNEHAGE 2022/2023

Måned	Hva skjer	Innhold
August	Tilvenning av nye barn og overgang frå små til stor gruppe.	<b>Planleggingsdag 10 og 11 august.</b>
September	Vennskap Brannvern Førstehjelp	Brannbamsen Bjørnis Brannvernsuken-øvelse Foreldremøte
Oktober	FN KAFE	Forut Barns rettigheter Hele meg-kropp og grenser Refleksdagen
November	Juleforberedelser	Foreldresamtaler
Desember	Juleforberedelser	Adventssamling Luciadagen Nissefest Hele meg
Januar	Vinterleker	<b>Planleggingsdag 2. januar</b>
Februar	Samefolkets dag Karneval	Samefolkets dag Karneval
Mars	Barnehagedagen Påske	Barnehagedagen Påskeeggjakt Påskefrokost Hele meg
April	Trygg trafikk Nødetater	Sykkeldag Foreldresamtaler
Mai	Bærekraftig utvikling 17 mai Overgonger	Miljødag Mini 17 mai feiring
Juni/juli	Sommer Overgonger	Sommerfest Avslutning førskolebarna <b>Planleggingsdag 3 juni</b>



## BARNEHAGEN SKAL FREMME KOMMUNIKASJON OG SPRÅK

«Barnehagen skal være bevisst på at kommunikasjon og språk påvirker og påvirkes av alle sider ved barnets utvikling. Gjennom dialog og samspill skal barna støttes i å kommunisere, medvirke, lytte, forstå og skape mening». (Rammeplan for barnehage).

Me i Lunde barnehage har språk som overordna tema i år. Me har fokus på kvardagsspråket og har faste språkgrupper kvar veke. Innhaldet i språkgruppene varier, her har me blant anna: spel, rolleleik, munnmotoriske aktivitetar , bøker og eventyr på agendaen

## SOL

Barnehagane i Tysnes har laga ein plan for arbeidet med språk i barnehagane. Den heiter SOL (Systematisk Ord Leik). Sol inneheld informasjon om ulike område me skal jobbe med, kartlegging av språk, språktrening i grupper i forhold til enkeltbarn som har ulike språkutfordringar, innhald i samlingsstunder, og utstyr til språkarbeid som skal være i barnehagane. SOL inneheld også informasjon om Språkleiken Bravo.

### SPRÅKLEIKEN BRAVO

Språkleiken BRAVO er ein leik som fremjar barna si språkutvikling, og som aukar ordforrådet til barna. Ved å nytte store ordkort kombinert med bilete, konkrete ting og sansemotoriske aktivitetar, blir barna kjende med sansane sine og med skriftspråket. Barna brukar alle sansane, og lærer mange nye omgrep. Bravo fremjar barnas motoriske utvikling, og førebur barnet på lese- og skriveinnlæring. Tilstrekkeleg med oksygen er viktig for barna si læring. Derfor er det lagt inn fysisk aktivitet mellom stasjonane med lesekort. Me nyttar grunnleggande aktivitetar som rulle, krype, hoppe, åle og liknande. Me koplår og ein ny årskalender i fysisk aktivitet tett til «Bravoleiken», dette er det vår kommunefysioterapeut Anne Opdal som har bidratt til å innføra.





#### BEREKRAFTIG UTVIKLING

Barnehagen vår skal vera ein stad som fremmar omsorg for verda vi lever i, både her og no og i framtida. Barna skal sjå verdien av å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Me ønsker å læra barna å tenka kritisk, handla etisk og visa solidaritet. Vi nyttar barnehagens nærområde, skogen som ein arena for lek og læring der vi har rik tilgang på førstehåndserfaringer i naturen. For oss betyr berekraftig utvikling å gi barn ein god start som varer heile livet. Ein god start med gode verdiar, haldningar, kunnskapar og evner som barnet tar med seg vidare.



Gjennom arbeidet med berekraftig utvikling vil vi fokusere på:

- At barna får gode naturopplevingar og blir kjent med mangfaldet til naturen
- Være mykje ute og bidra til at barn opplever tilhørighet til naturen
- Etterlate naturen slik at andre får gleda av den
- Utnytte naturens ressursar
- Matsvinn
- Gjenbruk, sortering

#### BARNEHAGEN SKAL FREMME DANNING

*"Barnehagen skal støtte barna i å forholde seg prøvande og nysgjerrig til omverdene og bidra til å legge grunnlag for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap».* (Rammeplan for barnehage)

I vår barnehage legg me vekt på å utvikle praksis for gode danningssprossar som tek omsyn til alle barn i barnehagen. Dette føreset at alle tilsette strekker seg mot felles haldningar, verdigrunnlag og etiske prinsipp som samsvarer med det samfunnsmandat barnehagen er gitt gjennom rammeplanen, og lokale føringar sett i kommunedelplan for oppvekst. Det føreset og at det blir gitt rom for, og lagt til rette for at kvart barn kan utforske, undre seg og snakke med vaksne om dei erfaringar dei gjer i kvardagen.

Barna skal få oppleve: - Respekt - Å erfare korleis ein skal vera med andre menneske - Å erfare ulike strategiar for å meistre ulike situasjonar - Engasjerte vaksne som møter dei i her- og no situasjonar og set ord på og samtaler om barnet sine undringar og erfaringar

Personalet skal: - Vere gode rollemodellar - Oppmuntra og støtta barna til å tenkje sjølv og ta aktive val - Undre seg i lag med barna gjennom aktivt å setje ord på undringar og refleksjonar i lag med barnet - Vere open for andre sine meiningar

#### BARNEHAGEN SKAL FREMME LÆRING

*«I barnehagen skal barna oppleve et stimulerande miljø som støtter opp om deira lyst til å leike, utforske, lære og meistre».* (Rammeplan for barnehage)

Barn er nysgjerrige, kunnskapstørste og lærelystne. Det skal barnehagen støtte opp under og slik gi eit godt grunnlag for livslang læring og danning. Læring skjer i det daglege samspelet med andre menneske og miljøet og heng nært saman med leik, omsorg og danning. Barn kan lære gjennom alt dei opplever og erfarer på alle områder. Når barn undrar seg over noko, må dei møtast på ein utfordrande og utforskande måte, slik at det dannar grunnlaget for eit aktivt og utviklande læringsmiljø i barnehagen. Interessene og spørsmåla til barna bør danne grunnlaget for læringsprosessar og tema i barnehagen.

I vår barnehage vil me legge til rette for at alle barna får utvikle egne interesser samstundes som barnehagen legg til rette for felles opplevingar som grunnlag for å utvikle undring, felles leikerepertoar, samspel og meistring. Me vil nytte alle kvardagsaktiviteter som læringsarena, frå av- og påkledning, måltid og kvilestund, til gardsbesøk, tur i fjæra og studie av insekta mm.





#### BARNEHAGEN SKAL IVARETA BARNA SITT BEHOV FOR OMSORG.

*«Omsorg er en føresetnad for barnas trygghet og trivsel, og for utvikling av empati og nestekjærlighet. Barnehagen skal gi barna moglegheit til å utvikle tillit til seg sjølv og andre» (Rammeplan for barnehage)*

Personalet i Lunde barnehage er bevisste på ansvaret med å etterleve og formidle grunnleggjande verdiar som fellesskap, omsorg, medansvar, solidaritet, toleranse respekt, likeverd og retten til å vere forskjellige, og at alle er rollemodellar for barna i barnehagen.

Ein god barndom varer heile livet. Me anerkjenne, bekrefter og støtte barnas behov og initiativ. Trygge tilknytningspersonar stimulera og oppmuntre til samspill mellom barna og gjev god oppleving av god tilhørighet. En pedagogikk basert på kjærleg omsorg sikra den gode kvaliteten i kvardagen.

#### BARNEHAGEN SKAL IVARETA BARNA SITT BEHOV FOR LEIK

*«Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og lekens eigenverdi skal anerkjennast». (Rammeplan for barnehage)*

Store deler av barnehagedagen består av leik

Barnehagen skal bidra til den gode barndommen ved å gi barna høve for leik som kjelde til trivsel. Leik er en grunnleggjande livs- og læringsform. I leik kan barna delta med lyst og engasjement. Eit leikande barn kan skilje leik frå andre aktivitetar og tolke leikesignaler. Barn som leiker, viser evne til å slappe av, la seg rive med og ha det morosamt aleine eller saman med andre. Leik er ei kjelde til humor og glede, og gjennom ulike former for leik får barna høve til å uttrykkje seg. Konstruktiv, sosial utvikling skjer i relasjonar der målet er likeverdighet mellom deltakarane slik tilfellet er i leik.

Me legg til rette for leik i barnehagen ved å ha leikegrupper, styrt leik og stimulerer til leik gjennom opplevingar i nærmiljøet.







## BARNEHAGEN SKAL FREMME VENNSKAP OG FELLESSKAP

«Sosial kompetanse er en føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheter, kunnskaper og holdningar som utvikles gjennom sosialt samspill». (Rammeplan for barnehage)

Sosial kompetanse handlar om å kunne kommunisere og samhandle godt med andre i ulike situasjonar. Me nyttar bl.a læreverket «Det er mitt val» og «stef for steg» som grunnlag for arbeidet med sosial og emosjonell kompetanse. Me har fleire gode hjelpemiddel/læreverk som me kan supplere med i arbeidet med sosial kompetanse. Det er aktivitetar, rollespel, plakatar, vennebøker, forteljingar, filosofering, leikar, musikk som støtter opp under dei ulike tema innan sosial kompetanse, leik og læring.

Vennskap er viktig for barn i alle aldrer. Å vera venner er å møtast i eit forhold der den enkelte opplever seg som godteken og verdsett for akkurat den han eller ho er. Også dei yngste barna har sterke vennsksapsrelasjonar, og mange barn gir uttrykk for at det beste ved barnehagen er å få møte andre barn og leike med vennene sine. Vennskap medverkar til ei kjensle av deltaking og fellesskap som igjen medverkar til positiv sjølvkjensle. Å høyre til ei gruppe gir barn tryggleik og sosial tilknytning. Opplevingar saman med andre barn kan vere vegen inn i nye vennskap. Å etablere vennskap og halde dei ved like er ein viktig faktor i sosialiseringprosessen og ein førebyggjande faktor mot uheldig og negativ utvikling.

Lunde barnehage jobbar førebyggjande mot mobbing. Alle barn skal ha eit godt psykososialt miljø i barnehagen. Gode relasjonar til barn og vaksne er det viktigaste arbeidet i barnehagen, og eit kontinuerlig arbeid.

Arbeid for eit godt psykososialt miljø:

Det førebyggjande arbeidet mot mobbing startar i barnehagen ved at personalet er støttande tilstade når barna byggjer relasjonar, deltek i samspel og tileignar seg og vidareutviklar ferdigheter som gjer samhandlinga mellom dei trygg og positiv.

Systematisk og langsiktig arbeid med sosial kompetanse, relasjonskompetanse og mobbing har effekt. Tysnesbarnehagane har utarbeide ein handlingsplan for psykososialt barnehagemiljø.



## VERDIAR

Verdiar handlar om noko som er viktig for oss. Barnehagelova gjer oss eit verdigrunnlag. Me skal blant anna vere ein barnehage som fortel barna at alle er like viktige, at me bryr oss om kvarandre og at me har lov å vere ulike. Dette vil vise i både ord og handling hos oss i Lunde barnehage. Visjonen vår seier og noko om at me skal vere god rollemodellar, det er noko me har mykje fokus på og snakkar ofte om.

Verdiane våre handlar og om at me skal ta vare på livet i naturen, og lære oss å bli glad i den, både barna og dei vaksne.

## BARNES MEDVERKNAD

Me jobbar mykje med tanken på at alle barna skal kunne vere med å bestemme korleis kvardagen skal vere. Me skil mellom medbestemmelse, sjølvbestemmelse og medverkand. Medbestemmelse betyr at barna kan vere med å bestemme for eksempel kva dei vil ha på skiva, velje mellom ulike aktivitetar og kva dei vil leike med. Sjølvbestemmelse er at barna kan bestemme nokre ting om seg sjølv, for eksempel at dei ikkje vil leike den leiken meir. Og me lærer dei at medverkand handlar om heile barnehagen, at alle kan sei kva dei har lyst til, men ikkje bestemme det. At barne er med å lagar oversikt over aktivitetar / tuområder/ matplaner/ etc som skal gjelde for heile gruppa.



## SATSINGSOMRÅDER

### “SAMAN OM FRAMTIDA” (STRATEGIPLAN)

Formål «Saman om framtida» har som mål å legge til rette for at barn og unge i Tysnes kommune skal vera rusta for framtida og oppleve livsmeistring!

«Oppvekst» har ansvar for å gjennomføre planen.

Innleiing: Oppvekst i Tysnes kommune består av «Barn og familie» og «Barn og utdanning».

Oppvekstsektoren i dag må ha fokus på det heilskaplege mennesket, at borna og elevane våre skal oppleve livsmeistring. Eit ordtak seier «Det skal ein heil landsby til, for å oppdra eit barn». Då må me jobba saman og dela kompetanse og dugleikar . Me vil gje borna våre ein oppvekst tufta på gode verdiar som tryggleik, respekt, venskap, kjensle av å høyre til og oppleving av meistring. Både barn og vaksne skal få erfara å vera ein del av eit fellesskap og samstundes framheva det positive med å vera ulike.

Me må gje borna våre eit fundament med naudsynt grunnkompetanse, samstundes som dei må vera omstillingsdyktige i eit samfunn som endrar seg i rekordfart. Det einskilde individ må få utvikla seg og læra etter eigne føresetnader. Samstundes må alle læra å ta ansvar for fellesskapet som skal byggja, medverka og utvikla samfunnet til beste for alle.

Oppvekst jobbar saman om å oppnå desse måla. Denne planen er eit samarbeid mellom alle tenestene i oppvekst. Me har faste møtepunkt og kompetansedeling. Me ynskjer det beste for alle barna i kommunen og jobbar tett saman om å gje eit best mogleg tilbod til det einskilde barn. Ein nyttar felles satsingsområde og deler kunnskap på tvers av einingar. Eit døme er satsing innanfor barn og unge si psykiske helse.

Heile planen kan de lese her, og innhaldet er forankra i arbeidet vår forøvrig:

<https://www.tysnes.kommune.no/saman-om-framtida-strategiplan-for-oppvekst.6010369-424488.html>




## LIVSMEISTRING OG HELSE OG "TRYGGHETSSIRKELEN" (CIRCLE OG SECURITY)

Personalet i Lunde barnehage har satt fokus på, og funne motivasjon i Trygghetssirkelen. Me er samde i at denne kunnskapen vil henge godt i lag med fokuset vårt på livsmeistring. Og det som gjev oss mest motivasjon er dette: "Trygge relasjonar viser seg å ha stor innverknad på barna psykiske helse og legger grunnlaget for vidare emosjonell, sosial og kognitiv utvikling. For at dei voksne i barnehagen skal kunne etablere trygg tilknytning til barna, er de avhengig av å kunne **forstå barnet innenifra** (Brantzæg, Torsteinson, Øiestad, 2015).

Eit verktøy me kan bruke for å forstå, og møte barna sine behov er trygghetssirkelen. Trygghetssirkelen er ein visuell sirkel, der den voksne er den trygge og sikre hamna. Når barna er utforskande, beveger dei seg ut frå den trygge hamna, barna er då oppe i sirkelen. Dei er framleis avhengig av voksne i form av støtte, hjelp ved behov, og til å glede seg med barna. Når barna er nede i sirkelen har barnet behov for beskyttelse, trøyst, omsorg og hjelp til å organisere følelsane sine.

Tilknytning og utforsking heng saman og står i eit avhengighetsforhold til kvarandre. «**Barnets hjerne er en lampe**, tilknytning er at kontakten settes i.»



## INFORMASJON

### OPPSTART

Me ynskjer at alle barna skal oppleve stor grad av trygghet når dei skal begynne i barnehagen. Alle nye barn og foreldre får eit brev i posten eller på epost, der me skriv noko om oppstarten i barnehagen. Det er viktig at barnet får ein gradvis overgang frå den trygge, rolige heimesituasjonen til kvardagslivet i barnehagen. Me anbefaler at de set av minimum 3 dagar til tilvenning (Tysnes kommune gir permisjon med løn til dette, for dei som er tilsett i kommunen). Det er vidare viktig at barna er vakne og opplagte når dei kjem dei første dagane. Me kunne skrive mykje om korleis dette kan gjerast, men det viktigaste me må ha fokus på er at barnet skal ha ei så god oppleving dei første dagane at det ikkje vegrar seg for dagane som kjem. Det vil dermed vere lite hensiktsmessig å komme til barnehagen første dagen når barnet allereie er blitt trøtt.

Me har vidare ikkje noko fasitsvar på dette med tilvenninga, då det store individuelle skilnader på korleis barna handterer dette. Og personalet vil vere i tett dialog med alle nye i oppstarten.

### KOSTHALD

Mat er viktig! Gode vanar som tilegnes i barnehagealder kan vare livet ut. I Lunde barnehage serverer me smørelunsj og frukt kvar dag. Det betyr at de må ha med niste til frukost kvar dag. Til smørelunsj har me stort sett brød, knekkebrød og polarbrød. Og eit breitt utval av pålegg. Me har ikkje noko regler for kva som er lov å ha på, men begrensar oss til to ulike påleggstypar, pluss grønsaker eller frukt.

Me lagar varm mat ein dag i veka, kor me varierer med ulike rettar. Me har personell frå ulike kulturar og ynskjer å rette fokus i mot deire matkultur, og la barna vere med å tilberede andre rettar enn me vanligvis gjere.

Me serverer frukt kvar dag, då deler me opp i passe biter og let barna forsyne seg sjølv.



Me er også med på matjungelen barnehage. I Matjungelen Barnehage får barna utforska, leika og læra om mat som er bra for kroppen og kloden. Matjungelen gir auka kunnskap og inspirasjon til korleis tilsette kan jobba pedagogisk med mat og måltid i barnehagen, med fokus på både helse og berekraft. Med Matjungelen får barna mange moglegheiter til å leika, utforska og læra om mat og smak, og oppleva måltidsglede i fellesskap.


#### UTELIV

Me i Lunde barnehage ønsker at barna skal få gode opplevsar med friluftsliv året rundt. Me vil legge til rette for at barna får gode naturopplevsar og at barna får erfaring med å oppleve naturen som arena for lek og læring.



Me er ute kvar dag! Det vil sjølvsgt komme dagar der me vurderer at det beste er å vere inne, men desse dagane er i fåtal. Alle barna må ha tilstrekkeleg klede og utstyr til å vere ute kvar dag. Me har tørkehylle til sko og tørkeskap til klede, men det er dessverre ikkje alltid at dette er nok, så innimellom ber me at de tek heim kleda for å tørke dei.

Me prioriterer fleire turar kvar veke, både i nærmiljøet og litt lengre vekk. Eit fantastisk turmål for dei minste er "bort til dyra"- det er ein bondegard i nærheiten og barna blir ikkje lei av å helse på grisen, hestane, hønene og kaniner. Me kan gå litt lengre og finne sauer også. Me har fine områder rundt i heile nærmiljøet, Bakkafossen og stien oppover mot Bakkafossen er populære områder, samt området rett borti skogen bak barnehagen. Ellers har me tilgong til eit flott område i skogen, Lio der Idrettslaget har satt opp lavvo og laga ein flott plass me kan bruke. Der er me ofte heile dagen.



#### STINE SOFIES BARNEHAGEPAKKE

Vald og overgrep er ei folkehelseutfordring som gjeld oss alle. Arbeidet med tematikken handlar om omtanke, ikkje mistanke. Barnehagen din er med i eit

undervisningsprogram som heiter Stine Sofie Barnehagepakke. Målet med programmet er å styrka dei tilsette slik at dei blir endå sette betre i stand til å identifisera når eit barn er utsett for vald eller overgrep, og handla på bakgrunn av denne kunnskapen.

#### VERNEOMBODET TIL BARNA

Stine Sofie Barnehagepakke er ein del av ei større satsing som heiter Barnas verneombod. Dette er ei satsing frå PBL (Private barnehagers landsforbund). Verneombodet til barna er éin utvald tilsett som har eit ekstra ansvar for temaa vald og seksuelle overgrep mot barn, mobbing og barn med behov for spesiell tilrettelegging. BVO i Lunde barnehage er Liv Bodil Tufta.

#### TILSETTES INVOLVERING

Styrer i barnehagen og verneombodet til barna har deltatt på tre samlingar i regi av Stine Sofies Stiftelse. Desse to tilsette er ansvarlege for å vidareformidla innhaldet i samlingane og for at heile personalgruppen får nødvendig kompetanse på tematikken. Noke me vil jobba med utover hausten.

#### BARNAS INVOLVERING

Ein trygg vaksen i barnehagen vil gjennomføra alderstilpassede samlingar gjennom året, der barna får verdifull informasjon om:

- kva som er lov og ikkje lov at vaksne, ungdommar og andre barn gjer med barn
- kropp og grensar
- løyndommar
- kven barn kan seia ifrå til viss dei opplever noko vondt eller ulovleg.

Formålet med slike samlingar er å bidra til barns livsmestring og evne til å setja sunne grenser for seg sjølv.

#### FORELDRESAMARBEID

Me i Lunde barnehage er opptatt av eit godt foreldresamarbeid. I samarbeid og forståelse med hjemmet ivaretar vi barnas behov for omsorg og lek med fokus på læring og allsidig utvikling. Vårt samarbeid bygger på gjensidig åpenhet og tillit. I praksis vil det sei at me ynsker å vere i dialog med dykk om viktige observasjonar og tankar rundt dykkar barn. Me vil for eksempel alltid snakka med dykk dersom me er uroleg for barnet dykkar. Dersom me lurar på noko vil me spørje dykk. Dette ynskjer me sjølv sagt skal vere gjensidig. Me har ofte tid og mulighet til ein prat i garderoben ved levering og/eller henting. Me er opptatt av at barna skal ha ein god kvardag og at det er god kontinuitet mellom barnehagen og heim





Me held fram med "obligatoriske" foreldresamtale om hausten og "frivillig" om våren. Me kan ikkje tvinge dykk, men me ynskjer å ha det slik at alle får invitasjon om hausten, og tilbod om samtale om våren

Foreldremøte vil framleis vere om hausten. Og det er fint om de seier ifrå dersom de har nokre tankar om innhaldet i dette møtet. Kva vil egentlig foreldre høyre oss sei noko om? Her blir det valgt foreldrerepresentantar til SU.

Samarbeidsutvalget skal være eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnende organ. Samarbeidsutvalget skal bli forelagt saker som er viktige for barnehagens innhold og virksomhet, og for forholdet til foreldrene. Samarbeidsutvalget skal godkjenne barnehagens årsplan. Foreldrerådet er heile foreldregruppa.



#### SAMARBEIDSPARTNARAR

Tysnes kommune er i gong med implementering av samhandlingsmodellar og handlingsretteleiar. Dette vil i praksis bidra til eit tettare samarbeid på tvers av fag og einingar, ein vil ha betre føresetnader til å kople på rett hjelp til rett tid. Eit anna viktig moment er at samhandlingmodellen og handlingsretteleiarer sikrer medverkand for både barn og foreldre.

Barnehagane samarbeider med PP-tenesta, fysioterapitenesta, helsestasjon, psykolog, logoped, barnevern og skulane. Alle samarbeidsarenaer krev samtykke frå foreldre

#### PLANLEGGING, DOKUMENTASJON OG VURDERING

Planlegging gir personalet grunnlag for å tenkje og handle langsiktig og systematisk i det pedagogiske arbeidet. Planlegginga skal bidra til kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa. Ho skal òg vere basert på observasjon, dokumentasjon, refleksjon, systematisk vurdering og samtalar med barn og foreldre. Me nyttar noko av tida på felles personalmøte til å planlegge, på den måten kan alle som arbeider saman med barna kome med sine tankar og idear, og pedagogen får dette med i vekeplanlegginga/ månadsplanlegginga

Personalet utarbeider eit årshjul som vil vise kva fagområdet, aktiviteter og prosjekt me vil ha fokus på kvar måned. Det vil og bli lagt ut vekeplanar i Visma kvar veke.

Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet kan gi foreldra, lokalmiljøet og kommunen som barnehagemyndigheit informasjon om kva barna opplever, lærer og gjer i barnehagen, og om korleis barnehagen oppfyller krava i barnehagelova og rammeplanen. Dette vil de foreldre sjå på rapportane som vert laga i Visma.

Personalet må kontinuerleg vurdere det pedagogiske arbeidet. Hovudformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barna får eit tilbod som er i tråd med barnehagelova og rammeplanen. Vurderingsarbeidet skal byggje på refleksjonar som heile personalgruppa er involvert i. Felles refleksjonar over det pedagogiske arbeidet kan gi personalet eit utgangspunkt for vidare planlegging og gjennomføring.

Vurderingar av trivselen og den allsidige utviklinga til barnegruppa og enkeltbarn skal dokumenterast når det er nødvendig for å gi eit tilrettelagt tilbod. Det kan gi grunnlag for å tilpasse og vidareutvikle det pedagogiske arbeidet.

På denne måten kan personalet lære av eigen praksis og bidra til å utvikle barnehagen som pedagogisk verksemd. Kunnskap om trivselen og den allsidige utviklinga i barnegruppa og blant enkeltbarn er viktig for å gi alle barn eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen.





#### OVERGONG MELLOM AVDELINGAR

Tysnes kommune satser på gode overgonger. Me har stort fokus på tilvenning til ny avdeling, og nye vaksne. Her får barna som skal over på ny avdeling komme på besøk saman med vaksne frå eigen avdeling jevnlig i vårhalvåret.

Me får ofte nye barn i løpet av året. Småbarnsavdelinga skal som hovudgrunn ikkje overstige 24 plasser, det vil sei at når det kjem nye små etter 24 plasser flytter med den eldste til mellomgruppa, og den eldste på mellomgruppe til storbarnsgruppa. Desse overgangane snakkar me med foreldre om så snart me ser at dei kjem. Elles er det overgang i august og i januar. Barn som treng meir tid til denne prosessen får så klart "besøke" den gamle avdelinga si i overgangsperioden.

#### OVERGONG FRÅ BARNEHAGE TIL SKULE

Me har saman med alle barnehagane utarbeida en overføringsperm der med øver på bl.a sosial kompetanse program, sanger, friminuttleiker og bøker barna møter på skulen slik at dei opplever meistring og noko som er kjent og trygt frå start av.

Førskulebarna skal også før sommerferien få hospitere i skulen slik at dei blir kjent med kva og kven som møter dei, jmf gode og trygge overgonger.

På slutten av året vert avslutninga for førskulebarna markert på sommarfesten.



## TRADISJONELLE AKTIVITETER

### FØRSKULEGRUPPA

Heile siste året i barnehagen er "skulestartarane" i ei førskulegruppe. Aktiviteten i denne gruppa er ulike skuleførebuande måtar å leike på, me har for eksempel litt meir fokus på å leike med bokstavar og tal. Me har og litt andre fokus området som går på det å klare seg meir sjølv, mtp påkledning, toalettbesøk, lytte på beskjeder, rekke opp hande og vente på tur. Men viktigaste av alt er å bidra til at barn vert trygge i seg sjølv, og opplever å klare mykje sjølv, meistringsoppleving.

Førskulegruppa skal også i år få vanntilvenning i basseng.

### HØGTIDER

I tillegg til våre kristen høgtider som påske og jul vil me ha eit enda større fokus på høgtider knytt til andre kulturer, og då helst dei kulturane som er representert i barnehagen. Når det gjeld jul kan me nemne aktiviteter som adventssamlingar, Lucia markering og nissefest.



### FORUT

Lunde barnehage er kvart år med ein innsamlingsaksjon som heiter FORUT. Me får tilsendt informasjon om eit barn og dets familie, i form av fortellingar

og bilder, slik at me på den måten får bli kjent med deira måte og leve på, som er veldig ulik vår måte. Dette er noko barna liker veldig godt, og vil høyre om desse barna lenge etter at prosjektet er ferdig. Me vil også i år arrangere Forut-kafe, dette vil de få informasjon om når det nærmer seg.

#### ANDRE MERKEDAGAR

I Lunde barnehage har me tradisjon for å marker barna sin bursdag. Me lagar krone i lag med barna og feirer barnet i samling, med song og hurrarop!

